

UTLÅNSREGLAR – LUSTER UTSTYRSENTRAL.

Dette er ein open sentral der alle skal ha moglegheit for å låne utstyr. Ved utstyrsentralen er det grunnleggande turutstyr, sykklar, ski- og akeutstyr.

Lån av utstyr må skje i opningstida 08-15.30, og må avtalast på tlf: 45665954 eller e.post: post@luster.frivilligsentral.no.

Alle må skrive kontrakt ved lån av utstyr. Dersom barna er under 18 år og skal leige åleine, må dei ha fullmakt frå foreldra.

Utleigar står ikkje ansvarleg ved evt. skade på personar som nyttar utstyret.

Det er ein føresetnad at lånetakaren set seg inn i bruken av utstyret. Utlån er ikkje meint til kommersiell bruk.

Maks låneperiode er 7 dagar. Alt utstyr må leverast tilbake til avtalt tid og i opningstidene (om anna ikkje er avtala).

Utstyret skal vere tørka og reint ved tilbakelevering.

Ved for sein levering av utstyret vert lånetakar fakturert for tal av overskridne dagar, kr. 50,- pr. dag.

Lånetakar er erstatningsansvarleg ved skade/øydelt eller tapt utstyr og kan då innan 14 dagar bli fakturert med kjøpesummen av utstyret.

Dersom utstyr er i dårleg stand eller øydelt, må dette rapporterast ved innlevering, slik at utstyret kan reparerast eller skiftast ut.

Tiltaket er drifta av Luster Frivilligsentral

